

NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Svelgen Kraft AS - Høyring - søknad om fornying av reguleringskonsesjonar Svelgen I og II kraftverk i Bremanger kommune**

Saka vart handsama i fylkesutvalet sak 82/17, møte onsdag 27.09.2017. Det vart gjort følgjande endeleg vedtak:

1. Det må for magasin Svelgsvatn, og elvane Hjelmevatn – Ivervatn, Vingeavatn – sjø og Svelgsvatn – sjø bli gjennomført ei konkret vurdering av økonomiske konsekvensar ved gjennomføring av dei tiltaka som fagrapporten foreslår.
2. Det må også gjerast konkrete naturfaglege vurderingar av kor stort vasslepp / auka vassføring som må til for å få tilfredsstillande økologisk tilstand i elvane og gjere dei til eit positivt landskapselement. Dette gjeld elvane Hjelmevatn – Ivervatn, Vingeavatn – sjø og Svelgsvatn – sjø. For Svelgsvatn bør det i tillegg gjerast visualiseringar når det gjeld landskap i høve vasstand. For elvestrekninga Vingeavatn – sjø kjem opplevingsverdien til det store helleristningsområdet i Vingen inn som eit særskilt moment som må tilleggjast vekt i vurderingane.
3. NVE må på bakgrunn av dei nye vurderingane sjå om det er behov for å gjennomføre tiltak som også kan innebere fysiske endringar i reguleringsområdet når det gjeld sjølve kraftproduksjonen og manøvreringsregimet. Inn under det må ein også vurdere behov for å konsesjonsfastsette krav til endra manøvreringsregime og minstevassføring.
4. Vi stiller oss bak ei gjennomføring av dei føreslåtte tiltaka som Svelgen kraft AS sjølv er positive til å gjennomføre, jf. tabell 12 i saksutgreiinga.
5. Det er behov for å gjennomføre undersøkingar etter kulturminnelova § 9 Undersøkelsesplikt m.v.

Med helsing

Torbjørn Hasund  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Saksutgreiing med innstilling

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

